



Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/391 - 18/16943

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2018

Oppsummering frå møte 16.mai 2018 - tilbakemelding på grunnlagsdata for fase 1 handels- og næringsanalyse

Til stades:

Frå Hordaland fylkeskommune:

Kari Kleppe, næring og lokalsamfunnsutvikling

Stian Ludvigsen, Statistikk og analyse

Martin Tvedt, Statistikk og analyse

Anne Kathrine Vabø, planseksjonen - forfall

Frå Asplan Viak:

Steinar Onarheim

Øyvind Dalen - skype

Frå Lindås kommune.

Line Waage

Frøydis Ones

Møtet fann stad for oppklaring av nokre punkt som fylkeskommunen hadde varsla om i forkant, i hovudsak:

- Varegruppeinndeling
- Statistikkgrunnlag statistikk.ivest.no/SSB/VOF-registeret
- Folketalsprognosar/-scenarier

Asplan Viak as orienterte: Bakgrunn for arbeidet, førespurnad i konkurranse frå Lindås. Handels- og næringsanalyse. Asplan Viak fekk oppdraget. I denne fasen er det presentasjon av data. Analyse vil kome i seinare arbeid. Til dels vanskeleg skilje mellom grunnlag og analyse.

Gruppeinndeling generelt. Den har Asplan Viak brukt i mange år. Kjem frå arbeid i samarbeid med Trondheim kommune. Også i Bergen kommune, bergensområdet. Varegruppeinndeling som er

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



anerkjent og brukt i mange samanhenger. Denne inndelinga fekk fram behovet for Trondheim kommune. Dei brukte mykje tid på varegruppesamanstillinga. Den fungerer godt der, og også i andre prosjekt. Særlig handel kombinert med transport som er grunnlag for deira analyser. Får fram transportbilete som kan leggjast til grunn og eignaheit for lokalisering.

Planseksjonen i fylkeskommune, har lagt vekt på varegruppeinndelinga i deira tildeleingsbrev til kommunen. Dei ønskjer å få utarbeidd ny varegruppeinndeling i hht regional plan for regionale senter. Handel som skal foregå i senter og utanfor. Oppdelinga i plasskrevande 1 og 2 fungerer ikkje. Malen skal vere felles for alle som skal gjennomførast, formål at alle analysar skal kunne samanliknast. Utvalsvarer/unntaksvarer – mykje av plasskrevjande varer er i denne gruppa. Det vart konkludert med at Asplan Viak ser på kva som må gjerast av endringar slik at inndelinga i arbeidet vert likt krava til fylkeskommunen.

Det vert avtala nytt møte når dette er kome på plass.

Fleire tilbakemeldingar frå fylkeskommunen

Er det ønskjeleg å leggje til termindata i tabellane Statistikk i vest? Berre i turist samanheng, eks. Lofoten. Konklusjon – det vert informert om at termindata er tilgjengeleg på førespurnad.

Scenarier i fase 1 – som skal vere kunnskapsgrunnlag er slik fylkeskommunen ser det litt unaturleg. Fylkeskommunen har laga ein 2018 versjon som det kan målstyrast etter. Til fase 2 er rådet å få framskrivningar i KOMPAS i delområde – skulekretsar, men at den målstyrast i sum ut frå fylkeskommunen sine framskrivningar. Kontaktpersonen i Asplan Viak tek telefon til fylkeskommunen si statistikk avdeling for avklaring. I tillegg deltek ho på eventuelt nytt møte dersom det er nødvendig.

Kommunen har ynskje om å få utforma prognosar med lokalt perspektiv som tillegg til analysane som fylkeskommunen har utarbeidd.

Oppsummeringa vert sendt deltakarane i møtet for korrigering og evnt utfylling. Frist for tilbakemelding: 4.juni.

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.